

Eit rom å gøyme seg i

Bøker

Rønnaug Kleiva:
«Ein underleg vinter»
Ill.: Malgorzata Piotrowska
Det Norske Samlaget

Bergen og Omland har mange gode forfattarar. Nytilflytta er sunnmøringen Rønnaug Kleiva som tidlegare har gitt ut både lyrikk for vaksne, barnebøker og ein ungdomsroman. I år kjem ho med ei vakker bildebok i samarbeid med bildekunstnaren Malgorzata Piotrowska: «Ein underleg vinter».

I dene boka viser Rønnaug Kleiva meir ro, varme og omsorg enn nokon gong før, og ho gjer det på ein forsiktig, ikkje-sentimental måte. Det usagte har stor plass i teksten. Der står det viktigaste, og det er ikkje vanskeleg å finna det, sjølv om det er usagt.

Det handlar om eg-personen Gro som er ei lita barnehagejente, og om mor hennar. Dei er glade i kvarandre, har det godt hos kvarandre, men ikkje alltid elles. Av og til gøymer Gro seg under dyna si og græt. Det er som eit rom å vere i.

Både Gro og mamma ønsker å kunne sleppe unna, gøyme seg vekk, lenge. På magisk-realistisk vis skjer det: Dei køyrer vekk, bilen blir tatt av eit snøras og dei to blir buande i bilen og snøhola omkring, heilt til våren kjem. Dei finn seg eit rom å vere i, stenge seg borte frå alt i. Og når snøen smeltar har dei vore der lenge nok. Dei har fornøya kreftene og

appetitten på livet saman med dei andre.

Den stille måten dei to syner omsorg og openheit for kvarandre på, rommer både det triste og det glade. Som når dei sit i bilen og køyrer: «- Græt du, mamma? spør eg.

- Nei, seier mamma, - berre litt.

- Eg òg, seier eg, - men det gjer ikkje noko.»

Teksten er knapp, enkel, konkret, og den har ro i seg. Overgangen frå det realistisk sannsynlege til det usannsynlege er uproblematisk for lesaren - og for personane i boka - og forfattaren viser dermed at ho har eit godt grep med dette. Temaet, dette med å finne seg eit rom å vere for seg sjølv i for ei stund, er vesentleg. Det er viktig at nokon peikar på dette behovet i oss, og syner at det er lov å kjenne slikt, og nødvendig å ta det alvorleg.

Malgorzata Piotrowska er ein mykje nytta bokillustratør dei siste åra. Ho har sett sitt preg på mange bøker, og der kam ligge ein fare i at der blir for likt. Streken, stilen hennar, er særmerkt og lett attkjennande. Ein får slike assosiasjonar ved denne boka òg, men likevel er desse akvarellane, m.a. med fleire snølandskap, «rette» for teksten. Piotrowska tar opp rom-temaet på utallige måtar, spinn vidare på det og bygg slik opp under teksten.

Saman har dei to kunstnarane skapt ei vakker, varm og litt underleg bok.

MARIT KALDHOL